



STORTINGET

Representantforslag 146 S

(2025–2026)

frå stortingsrepresentantane Kjersti Toppe og Erling Sande

Dokument 8:146 S (2025–2026)

**Representantforslag frå stortingsrepresentantane
Kjersti Toppe og Erling Sande om tiltak for å sikre
nok jordmødrer i helsetenesta**

Til Stortinget

Bakgrunn

I Noreg skal alle vere sikre på at det finst ei god helse- og omsorgsteneste for mor og barn ved fødsel og barsel. Jordmødrer er ein nøkkelressurs for å sikre ei slik trygg svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg i heile landet. For få tilgjengelege jordmødrer fører i dag til auka press på tenestene, redusert kontinuitet og større risiko. Jordmormangel gjer det også vanskelegare å sikre betre barseloppfølging etter fødsel, å oppretthalde dagens desentraliserte fødetilbod, å vareta følgjetenesta til kvinner i fødsel og å sikre kvalitet og likeverdige helsetenester uavhengig av kor ein bur.

Målretta tiltak for å sikre nok jordmødrer på jobb

Mange føde- og barselavdelingar rapporterer om høgt arbeidspress, utfordringar med å følgje faglege retningliner og vanskar med å halde på erfarne jordmødrer. Nyutdanna jordmødrer kjenner på høgt arbeidspress, og det er stor risiko for fråfall tidleg i karrieren. Helsepersonellkommissjonen (NOU 2023:4 Tid for handling – Personellet i en bærekraftig helse- og omsorgstjeneste) anslo eit mogleg underskot på 200–600 jordmorårsverk innan 2040. Samtidig viser tal frå Helse-

direktoratet ein turnover på 9,7 prosent for jordmødrer, noko som er høgare enn for fleire sjukepleiargrupper.

Helsedirektoratet sin rapport Tilgang på og behov for jordmødre (2021) viste at ein av ti med jordmorutdanning jobba utanfor helse- og sosialtenestene. Berre ei av tre jordmødrer i helseføretaka jobba fulltid. I kommunane jobba litt over halvparten av jordmødrene fulltid. Riksrevisjonen har i fleire rapportar fremma kritikk mot helseføretaka sitt arbeid for å rekruttere og behalde jordmødrer. I Dokument 3:2 (2023–2024) viser Riksrevisjonen til at jordmødrer har høg turnover og låg stillingsandel og er ei gruppe det er særleg vanskeleg å behalde og mobilisere, og at det ikkje blir utdanna mange nok jordmødrer til å dekke det framtidige behovet.

For å sikre ei berekraftig jordmorteneste er det nødvendig med meir målretta tiltak som styrker utdanningskapasitet, betrar arbeidsvilkåra, sikrar støtte til nyutdanna, fremmar god oppgåvedeling og effektiviserer autorisasjon og kompetanseutvikling.

Utdanning for kvalitet

Rekruttering til jordmorutdanninga er god. Utfordringa ligg ikkje i mangel på søkjarar til jordmorstudiet, men i for liten utdanningskapasitet, for få studiestader og manglande fleksibilitet i studietilboda. Utfordringa ligg også i at bemanninga i tenestene enkelte stader kan vere for låg, noko som gjer at jordmødrer opplever det mindre attraktivt å jobbe, særleg på dei store fødeavdelingane. I tillegg er det i einskilde delar av landet også for få jordmødrer, truleg som resultat av lite fleksible utdanningsmodellar. Problemet er derfor først og fremst manglande rekruttering og at jordmødrer sluttar å jobbe i helsetenesta, og ikkje mangel på søkjarar til jordmorstudiet.

For å sikre kvalitet og likeverdige tenester over heile landet er det derfor heilt nødvendig med målretta tiltak som styrker både rekruttering til sjukehusa, utdanningskapasitet og gode arbeidsvilkår for jordmødrer. Det er behov for å styrke grunnbemanning, ha heiltid som norm og sikre betre leiing, sterkare støttefunksjonar og ein meir effektiv autorisasjonsprosess for jordmødrer utdanna utanfor EU/EØS.

I tillegg må det kome på plass auka bruk av barnepleiarar og støttepersonell som kan gjere oppgåver ein ikkje absolutt treng ha jordmordkompetanse til å utføre, som til dømes reingjering av fødestover, matserving og ammerettleiing.

Fleksible jordmorutdanningar

Jordmorutdanning i Noreg er på masternivå. Den toårige masterutdanninga i jordmorfag har bachelorutdanning i sjukepleie som opptakskrav, i tillegg til minst eitt års yrkespraksis som sjukepleiar. Jordmorutdanningane i Norge ynskjer utgreiing og pilot for femårig profesjonsmaster. Også Statens helsetilsyn anbefalte i sitt høyringsinnspel til forskrift om nasjonal retningslinje for jordmorutdanning (RETHOS), som tredde i kraft i august 2023, ei utgreiing av ei femårig jordmorutdanning. Helsetilsynet argumenterte for at ein i ei femårig jordmorutdanning vil kunne ta inn viktige aspekt knytte til ansvarsområdet til jordmødrene tidlegare i utdanningsløpet, framfor å bruke dei tre første åra på generell breiddesjukepleie.

Forslagsstillarane meiner at dagens utdanningsløp for jordmødrer er viktig å vidareføre og styrke gjennom auka utdanningskapasitet, desentralisert utdanning og fleire utdanningsstillingar i helseføretak og kommunar. I tillegg er det viktig med gode ordningar for å sikre nok og gode praksisplassar. Forslagsstillarane meiner at ein i tillegg bør greie ut femårig jordmorutdanning (profesjonsmaster) for å få fleire studievegar til å bli jordmor.

Forslag

På denne bakgrunnen blir det fremma følgjande

f o r s l a g :

1. Stortinget ber regjeringa auke talet på studie- og praksisplassar for jordmødrer, inkludert satsing på desentraliserte studieplassar, og sikre at det blir etablert fleire utdanningsstillingar i jordmorutdanninga i tråd med behovet, og kome tilbake til Stortinget på eigna måte.
2. Stortinget ber regjeringa greie ut og pilotere ei femårig integrert jordmorutdanning og informere Stortinget på eigna måte.
3. Stortinget ber regjeringa etablere mentorordningar og strukturerte introduksjonsprogram for nyutdanna jordmødrer, og sørge for auka tilgang på etter- og vidareutdanning for jordmødrer, og kome tilbake til Stortinget på eigna måte.
4. Stortinget ber regjeringa sørge for ei samanhengande svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg gjennom modellar som «Min Jordmor» og «God start» i alle helseføretak innan 2030 og ei opptrapping av kombinasjonsstillingar for jordmødrer mellom kommunar og sjukehus, og informere Stortinget på eigna måte.
5. Stortinget ber regjeringa sikre at alle helseføretak innfører modellar for auka grunnbemanning, heile stillingar og tilpassa turnus på føde- og barselavdelingar for å sikre kvalitet og trygg oppfølging av mor og barn og lågare sjukefråvær og turnover blant jordmødrer, og informere Stortinget på eigna måte.
6. Stortinget ber regjeringa sørge for at helseføretaka innfører tiltak for å rekruttere fleire helsefagarbeidarar/barnepleiarar til fødsels- og barselomsorga for å frigjere tid for jordmødrer, og informere Stortinget på eigna måte.
7. Stortinget ber regjeringa greie ut og fremme forslag om nye tiltak som gjer det mogleg for erfarne jordmødrer å stå lenger i arbeid, og kome tilbake til Stortinget på eigna måte.

3. mars 2026

Kjersti Toppe

Erling Sande